

Årsmelding for sesongen 2018

Sesongen var prega av sol, sol og atter sol.

Me vidareførte samarbeidet med Kristornskogen GK, der me hadde mandagsturneringane med to startar same dag, ein om morgonen og ein om ettermiddagen, medan Kristornskogen hadde sine turneringar om torsdagane. Til saman har me hatt 12 slike turneringar. Me seier takk til Joker Uggdal som har sponsa fem lagturneringar i P&P. I tillegg til dette arrangerte me òg NM for seniorar og Vestlandsmeisterskapet. Begge over to rundar. I meldingsåret har me òg hatt seks stabelfordturneringar inklusiv "Tysnesfest Open" og klubbmeisterskap.

Oddvin representerte klubben i EM i "Pitch and Put for lag" i Andorra, Spania. Me er stolte av å ha ein spelar som hevdar seg på dette nivået. Me vil òg takka han for stort engasjement og tilrettelegging for dei ulike arrangementa gjennom året.

Oppmøtet på fredagsgolfen har ikkje vore så stor.

Sesongen blei som vanleg avslutta med nattgolf.

Me takkar for støtta frå sponsorane våre og håpar dei blir med vidare.

Også dette året har samarbeidet med baneigar vore svært godt.

I meldingsåret har me fått ny heimeside. Denne driftar Edvard Tysnes

Medlemstalet for 2018 er stabilt på 80 medlemmer

Styret for 2018 var:

Oddvin Flornes, Sindre Tysnes, Jan Gunnar Tufta, Bjørn Inge Leithe og Jan Vaage.

Vara: Atle Andersland.

Jan Vaage

-leiar-

